

Arkivnr: 2017/1228-18  
Saksbehandlar: Hege Bugge Gjerdevik Osebakken

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		20.11.2018
Utval for opplæring og helse		27.11.2018
Fylkesutvalet		06.12.2018
Fylkestinget		11.12.2018

**Gjennomføringsplan i eit fireårig heilskapleg opplæringsløp  
- Eit målretta arbeid med å skaffe elevar læreplass og sikre bedriftene kvalifiserte lærlingar****Samandrag**

Fylkestinget gjorde 12.12.2017 vedtak i sak PS 114/2017.

«Auka gjennomføring - fleire ut i lære», prosjekt med fem yrkesfaglege koordinatorar (YFK) på seks yrkesfaglege skular, er no midtvegs. Formidlingstal frå prosjektskulane viser pr. 1. juni ein auke i formidla lærlingar samanlikna med førre året.

Prosjektet har gjennomført ei rekke aktivitetar og utvikla verktøy som har bidrege til eit tettare samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Arbeidet med å etablere ei forståing for ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring i Hordaland er på rett veg. Prosjektet skal arbeide ut 2019.

Erfaringar viser at målet for skuleeigar bør bli ein heilskapleg gjennomføringsplan for elevane i vidaregåande opplæring frå starten på Vg1 til gjennomført lære.

For å lukkast med auka gjennomføring er suksesskriteriet å få eleven inn på lærekontrakt. Nasjonale og lokale tal viser at lærlingar har ein fullføringsgrad med fag- eller sveinebrev på yrkesfag på 83%, i nokre fag over 90%. Når elevane kjem seg i lære, fullfører dei fleste.

Systematisk arbeid på skulane og auka samarbeid med arbeidslivet i skulen sin region, felles retningsliner og struktur på faget Yrkesfagleg fordjuping (YFF) kan sjåast som ledd i ein heilskapleg gjennomføringsplan. Skuleeigar vil med dette få på plass ein handlingsplan for formidling av elevar til læreplass, inkludert eventuell Vg3 fagopplæring i skule. Yrkesfaglege koordinatorar fordelt i regionar er naudsynt for å få drifta ein gjennomføringsplan.

Arbeidsmandatet til prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» er å utvikle nye metodar for formidling til lære. Dette utfordrar systemet, er komplekst, og krev vilje til å sjå på heilskapen. Vi må tørre å gå nye vegar mot målet. Prosjektet syner klare behov for endring.

**Økonomi**

Fylkestinget har vedteke at Hordaland fylkeskommune i åra 2017 og 2018 kan bruke 4,5 mill. til å styrkje arbeidet rundt samarbeid skule/arbeidsliv for å kunne utvikle gode lokale samarbeidsarenaer og sikre føreseielege løp for den einskilde ungdom. Hovudtyngda av desse midlane går til lønskostnader. Prosjektet

er styrka med 1,1 mill. av statlege midlar, som er øyremerka arbeid med å skaffe fleire lærebedrifter. Særleg merksemd vert retta mot region Stor-Bergen; dette fordi det er ulike utfordringar i by og land.

Alle elevar med ungdomsrett har rett til å få fullført si påbyrja vidaregåande opplæring. I dag vert dette løyst med to hjelpemiddel:

- Vg3 fagopplæring i skule, 103 elevar fekk dette tilbodet i haust, desse kostar skuleeigar minimum 150 000 pr. elev.
- Støtte i overgangen til lære som ikkje kostar skuleeigar noko før dei er i lære. Elevane som fekk tilbod om støtte i overgangen til lære, vart kartlagt og følgt opp med eigen aktivitet; fleire er no i prosess mot læreplass.

Dette gjev skuleeigar eit mindre forbruk og optimaliserer arbeidet. Gjennom å sjå desse tinga i samanheng ønskjer skuleeigar å synleggjere skulane si rolle og ansvaret deira i det fireårige heilskaplege opplæringsløpet.

**Klima:** Ingen effekt

#### **Folkehelse:**

Helsedirektoratet peikar på at utdanning er lokalt folkehelsearbeid. Utdanning påverkar kva for levekår ein får og korleis ein kan møte helsebelastande og helsefremjande faktorar gjennom livet. I tillegg vert dei psykologiske trekka påverka, som igjen gir styrka helse. Helsedirektoratet understrekar ein klar årsakssamheng mellom utdanning og helse. Kjelde: Helsedirektoratet, «Utdanning og helseulikheter».

**Regional planstrategi:** Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

5.3 Dimensjonering av yrkesutdanninga - Hordaland fylkeskommune er tillagt eit særskilt ansvar for dette i planen, men oppgåva må løysast gjennom det etablerte trepartssamarbeidet i fylket, der alle gjer ein jobb for å nå målet. I tillegg må aktørane lokalt ta eit større ansvar, både dei vidaregåande skulane, kommunane og lokalt næringsliv. Gode prognosar og analysar vil her vere påkravd. Hordaland fylkeskommune har fleire verkemiddel på dette feltet. Gjennom yrkesfagkoordinatorar ved skulane, samarbeidsavtalar mellom skulane og bedriftene i regionen og støttetiltak til bedriftene sikrar vi at flest mogleg lærlingar gjennomfører utdanninga.

#### **Forslag til innstilling**

1. Ordninga med YFK blir frå 2020 permanent og utvida til å gjelde dei vidaregåande skulane i Hordaland med yrkesfag. Dei fem yrkesfaglege koordinatorane får ansvar for kvar sine regionar.
2. Yrkesfagleg koordinator får i samarbeid med skuleeigar ansvar for gjennomføringsplan og val av arbeidsstad i den enkelte YFK-region.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Torbjørn Mjelstad  
fagopplæringssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 06.11.2018

### Eit målretta arbeid med å skaffe elevlar læreplass og sikre bedriftene kvalifiserte lærlingar

Hordaland fylkeskommune har gjennom prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» vist at ein gjennom målretta arbeid gjev fleire elevlar moglegheit til å få prøve seg i lære. Dette skjer gjennom å støtte elevlar i arbeidet med å skaffe læreplass og sikre bedriftene kvalifiserte lærlingar med dei kvalifikasjonane som arbeidslivet etterspør.

Skuleeigar har ansvar for den vidaregåande opplæringa enten med mål om studiekompetanse eller fag- og yrkeskompetanse. Ei fag- og yrkesopplæring tek minimum 4 år, og opplæringa må henge saman i eit fireårig perspektiv. I normalmodellen 2+2 er det skulen som har ansvaret for opplæringa dei to fyrste åra. Dei to siste åra skal opplæring gjennom trepartssamarbeidet gjennomførast i bedrift. Struktur, retningslinjer og metodar for samarbeid er avgjerande for å lukkast. Skuleeigar vil gjennom administrasjon av ein heilskapleg gjennomføringsplan få synleggjort og systematisert samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Det vil koma på plass regionale lokale nettverk som har forplikande samarbeid kring gjennomføring, læreplassar og dimensjonering i høve til næringslivet sitt behov.

Gruppa elevlar som slit med å få seg læreplass, er samansett. Dette er tidlegare utdjupa i saker kring prosjektet. Erfaring fylkesrådmannen har gjort seg gjennom år, er at mange av elevane som slit med å få seg læreplass, manglar kompetanse som arbeidslivet etterspør. Spesielt er det sosial kompetanse som ofte ikkje samsvarar med arbeidslivets forventningar og krav.

For å oppnå ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring i Hordaland, med optimal kvalitet i det fireårige opplæringsløpet, krev det at skuleeigar må vise at skulane er bevisst at dei er ein del av den heilskaplege opplæringa, og med det må ta eit større ansvar for at eleven kjem over i lære.

Det må setjast av ressursar til yrkesfaglege koordinatorar som kan assistere og støtte skulane i dette arbeidet.

### Heilskapstanken og det 4-årige løpet - frå elev til fagarbeidar

Gjennomført og bestått på studiespesialiserande er 87%, medan gjennomført og bestått med fag- eller sveinebrev på yrkesfag er 83% (kull 2012). Når elevane kjem seg i lære, fullfører dei fleste.

Tal frå SSB syner at 26% av elevane på yrkesfag starta påbygg hausten 2017. I Hordaland fullførte og bestod 70 % av desse elevane. Påbygg frå Vg2 vert rekna inn i yrkesfaga på gjennomføring og løyser ikkje utfordringa rundt dimensjonering. Målet må bli at skuleeigar skal finne 60% av elevane frå Vg2 yrkesfag igjen i lære. Tal frå 17-18 viser at berre 35% starta i lære.

Dette krev at ein disponerer ressursane og organiserer arbeidet på ein annan måte.

Skuleeigar må endre seg i samarbeid med skulane, der målet må vere ei heilskapleg gjennomføring der rollene til dei ulike aktørane i det fireårige løpet er tydeleggjort. Ansvaret for fag- og yrkesopplæringa må henge saman, også internt på opplæringsavdelinga.

Dei yrkesfaglege vidaregåande skulane sitt ansvar er å førebu elevane både fagleg og sosialt på ei læretid i bedrift. Dette kan nåast gjennom eit tett samarbeid med næringslivet der ein i samarbeidet legg til rette for at elevlar som søker seg til lære, skal kunne få lærekontrakt etter Vg2.

Fylkesrådmannen har gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» fått ei tydeleggjering av skulane si rolle i det fireårige løpet. Ein elev som startar på Vg1 yrkesfag, fullfører først når fag- eller sveineprøva er bestått. Elevane er ofte formidlingsklare ut frå skulen på papiret, med relativt gode karakterar og akseptabelt fråvær. Erfaring viser derimot at mange fleire kunne hatt ein større kompetanse

knytt til spelereglar i arbeidslivet, betre forståing for korleis ein skal få seg læreplass og kjennskap til kva plikter og rettar ein har som lærling.

Avgjevarskulen vil få ansvaret for å følgje opp eigne elevar i overgangen frå skule til opplæring i bedrift. Erfaring gjennom prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» viser at bruk av skulens handlingsrom, strukturert bruk av faget YFF (Yrkesfagleg fordjuping), tett samarbeid med bedriftene og bruk av eksterne aktørar som representerer arbeidslivet, vil auke gjennomføringa og bidra til at fleire elevar kjem seg over i lære.

Fag- og yrkesopplæringa er eit trepartssamarbeid. Skulane bør ta i bruk heile handlingsrommet. Aktørar utanfor skulen er ofte dei elevane opplever som «det seriøse arbeidslivet», og kan derfor ha mykje å seie for at elevane opplever at opplæringa er relevant. Målet er ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring som gjer det føreseieleg for ungdom som vel fag- og yrkesutdanning at utdanninga kan fullførast med fag- eller sveinebrev. Dette kan nåast om skuleeigar vel å sjå på ein heilskapleg gjennomføringsplan, der overgangen til lære er ein del av planen.

### **Systematisk arbeid i prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære»**

Eit viktig virkemiddel i arbeidet mot målet mot ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring i Hordaland er tilsetjing av yrkesfaglege koordinatarar på seks utvalde skular.

Prosjektet med YFK arbeider med endringsprosessar som angår det personlege, systematiske og organisatoriske planet. Desse prosessane tek tid å få implementert og få overført til dei andre skulane. Målet er at ein skal skape same kvalitet i heile fylket på sikt. YFK er ein ressurs i tillegg til dei som alt er i skulen. Dersom det skal vere mogleg å få til dei ønska endringane, krev det at nokon har jobben med å drive prosessane, både inne i eigen administrasjonen og ute i skulane.

### **Metodikk og verkøy for implementering av ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring i Hordaland**

Det er utvikla struktur og aktivitetar i høve til at skulen skal ta eit ansvar for at elevane skal kome seg vidare i lære gjennom ein formidlingsplan. Desse formidlingsplanane viser arbeidet skulen gjer med formidling til læreplass og inngår i prosjektskulane sitt årsjul for 18/19. Formidlingsplanen systematiserer arbeidet med elevane i grupper og arbeidet rundt individet.

Det er utvikla ein læreplassrekneskap for å kunne følgje systemet rundt eleven på vegen til læreplass og skulen si rolle som del av det fireårige løpet. Systemet gjer det enkelt for rektor, avdelingsleiar og lærar å ha betre internkontroll over eigne elevar. Lærar kan systematisk følgje progresjonen til klassen og registrere om eleven har fått læreplass, registrere utplassering i YFF og registrere nye bedrifter i skulen sitt nettverk som dei samarbeider med og har utplassering hjå.

Læreplassrekneskapen gjev lærar, rektor og skuleeigar eit oppdatert bilete av bedriftsnettverket og status for den enkelte elev, klasse, utdanningsprogram og skule. I læreplassrekneskapen får ein enkelt opp oversikt over skulens bedriftsnettverk, samarbeidsavtalar, karriere og interessekartlegging, oversikt over YFF og oppfølging i faget, oversikt over søknad til læreplass, oversikt over kven som har fått seg læreplass og oversikt over dei som kan kome til å slite med å få læreplass. Oversikt i læreplassrekneskapen og skulens internkontroll i høve til fråvær og undervegsvurderingar gjer det mogleg å tidleg identifisere, kartlegge og lage oppfølgingsplan for dei som vil slite med å skaffe seg læreplass.

Yrkesfagleg fordjuping (YFF) er det største programfaget og er i stor grad inngangsbiljetten til ein lærekontrakt, enten etter Vg2 eller Vg1 (1+3-modellen). Dette faget krev mykje samarbeid med næringslivet for å gje elevane den optimale posisjonen for mogleg læreplass. Heile 60 - 70 % av elevar frå Vg2 på landsbasis får seg læreplass gjennom dette faget.

Skuleeigar må i ein heilskapleg gjennomføringsplan utarbeide felles retningslinjer som synleggjer struktur og organisering av YFF. Det er store ulikskapar med tanke på korleis skulane nyttar faget YFF. Nokre skular har elevar utplassert på Vg1, medan andre først får utplassering på Vg2.

Elevgruppa har endra seg dei siste åra, og skulane rapporterer om auka elevtal med store lærevanskar som skal inn i den ordinære opplæringa. Skulane slit med å få desse elevane med vidare i systemet og spesielt over i lære. Det same gjeld auka tal minoritetsspråklege elevar som har svake norskkunnskaper. Desse elevane får ofte ikkje praksis i YFF grunna manglande norskkunnskapar. Desse elevane slit og med å få seg læreplass.

Fylkesrådmannen ser at det i prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» har vore gjennomført fleire tiltak for å styrke samarbeidet mellom skule og arbeidsliv. Eksempel på aktivitetar er


- Bedriftsnettverket til skulen gjort tilgjengeleg på Utdanning.no
- Læreplass-kickoff og lærlingkonferanse
- Samarbeidsmøte med bedrifter på skulen
- Dialogmøte med opplæringskontor
- Arbeid for fleire læreplassar gjennom oppsøkande bedriftsbesøk

Dei som er tilsette som yrkesfaglege koordinatorar skal vere sentrale i oppbygginga av dei lokale nettverka i Hordaland. Arbeidet med etablering av nettverk må samkøyrast med regionalavdelinga og opplæringsavdelinga si etablering av samarbeidsforum for å følgje krav til kompetanseutvikling i Hordaland, med lokal forankring til den enkelte region, der skulane er naturleg tilhøyrande. Skuleeigar har lært og erfart at det krev involvering og tett samarbeid om ei felles forståing av rollene til alle partane som må vere involvert for å kunne utdanne morgondagens fagarbeidarar.

Fleire skular skal involverast i metodikken frå prosjektet, og det skal etablerast lokale nettverk. Prosjektet vert styrka med statlege midlar for å ha særleg merksemd mot region Stor–Bergen, dette fordi det er ulike utfordringar i by og land. Skulane skal setjast betre i stand til å bidra til at fleire elevar får prøve seg i lære. Dette krev at skulane har eit tett og stort nok nettverk av bedrifter.

Kvart år står det elevar igjen som ikkje får seg læreplass på eiga hand. Desse ungdommane har rett på opplæring. Gjennomføringa er heimla i forskrift til opplæringslova § 6A-9 «...Fylkeskommunen skal tilby søkjaren opplæring i skule dersom søkjaren ønskjer det, og dersom dei ikkje kan skaffe læreplass innan 1. september»

Eit tilbod om Vg3 opplæring i skule gjeld alle elevar som ønskjer det, og elevar som ikkje er formidla til læreplass innan 15. august skal ha eit slikt tilbod. System og rutinar for opplæring Vg3 i skule må utarbeidast og gå inn i ein heilskapleg gjennomføringsplan. Rapport frå riksrevisjonen, «Undersøking av ungdom utanfor opplæring og arbeid» (2015–2016) viser at få av dei som står utan læreplass, har byrja på Vg3 opplæring i skule.



Elevlar som ikkje vart formidla til fag der det ikkje vart oppretta Vg3 slutt opplæring i skule, fekk oppfølging av skulane i YFK-prosjektet. YFK-skulane har vore regionskular i dette tiltaket. Målet for kurset er at elevane skal kome seg vidare i lære, og elevane skal delta sjølve og vere med å finne sin veg til læreplass. Av dei som fekk dette tilbodet i haust, er det 50% frå ei klasse i fiske og fangst som ikkje har fått læreplass. Ingen av desse elevane har bustadadresse i fiskerikommunane.

### Endring krev tid og merksemd for å gje resultat

Prosjektleiinga har kvart halvår dialogmøte med rektorar og avdelingsleiarane ved dei seks prosjektskulane. Dette har vore gode møte ved alle prosjektskulane. Desse møta har vore og er viktige for å sikre forståinga av leveransen av prosjektet.

Arbeidsområde prosjektleiinga ønskjer skulane treng større fokus på, er elevlar som vil slite med å kome seg vidare i lære – og dette må skulen kjenne til og ha ein plan for før våren siste året i skulen. Største bekymringa er elevlar som ikkje har den kompetansen som arbeidslivet krev og at skulen ikkje har ein plan for kva som må gjerast når dei er i siste del av Vg2. Det krev at ein får ein betre struktur i oppfølginga av desse elevane.

Handlingsrommet i rammeverket bør kunne nyttast betre. Det ser ut til at ressursteama har mange tunge elevsaker som gjer at desse elevane gjerne ikkje blir fanga godt nok opp, eller kanskje blir dei ikkje meldt inn. Skulens ansvar for at elevane skal kome seg vidare i lære må trenge inn i organisasjonen via rektor, avdelingsleiarar og til den enkelte lærar.

Dersom ein skal lukkast med å få til ein heilskapleg gjennomføringsplan, må rollene til dei enkelte partane i den heilskaplege fireårige opplæringa vere forstått og fokuset vere tidleg identifikasjon, kartlegging og oppfølging mot formidling/overgang til lære. Eit mål bør vere at innan oktober, seinast midten av november det året eleven er i Vg2, bør skulen vite om eleven vil slite med å kome seg vidare i lære. Tiltak og bruk av handlingsrommet bør leggast plan for ut i frå dette.

Endra organisering og YFK-ressurs til endringsarbeidet er avgjerande for å kunne lukkast med utvikling og implementering av ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring i Hordaland. Dette vil gje skuleeigar føreseielege rammer, forpliktande samarbeid og påliteleg system.